



Til

Lindås Kommune  
v/ Ingrid Bjørge Pedersen  
5914 Isdalstø

Gjenpart til:

Lindås kommunen - Postmottak

Vår ref

Deres ref

Dato

2013314\_LK\_dispensasjon\_reguleringsplan\_sundbakken.docx

14.03.2014

## SUNDBAKKEN - LEKNES LINDÅS KOMMUNE

### SAK: MINDRE ENDRINGER - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ GJELDANDE PLAN.

Vi viser til vårt brev av 25.02.2014 og Dykkar svar pr epost av 3.mars.  
(I brev av 25.02.2014 har vi illustrert kva som er planlagt av endringar. Vi viser til desse som underlag for denne søknaden)

Dette brevet er å forstå som søknad om dispensasjon.

Som opplyst i vårt brev av 25.02.2014, er vår rolle i saka berre knytt til avklaring og godkjenning av mindre endringar av tiltaket opp mot godkjent reguleringsplan/ situasjonsplan. Både tiltakshavar, søkjar og prosjekterande er innforstått med dette.

### Bakgrunn for søknad om dispensasjon frå reguleringsplan

I samband med byggjearbeida, som er godt igong, ser ein at det er behov for å gjera nokre justeringar opp mot godkjent reguleringsplan/ situasjonsplan for å få til ei naturleg og god løysning.

#### Endringar

Justeringane omhandlar i hovudsak nordre naustrekkje og tilstøytande område bak nausta. Det ein ynskjer å gjera er å trekkja heile det nordre naustområdet omlag 2,5 meter bak-/innover i terrenget pga forholda på staden.


Endring har ingen praktisk konsekvens for nokon. Det handlar i prinsipp berre om at utforminga av naustområde ikkje er 100 % i samsvar med reguleringsplanen / situasjonsplanen. Største endringa opp mot reguleringsplanen er at føremålsgrensa mellom naust og friluftsføremål i bakkant av nausta må flyttast omlag 2,5 meter - som vist i vårt brev av 25.2.14. Total vert omlag 90-100 m2 av friluftsområde lagt inn i naustområdet.

#### Det som gjorde at det var aktuelt å søkja om dispensasjon


Under utsprenning for naust og kaiareal viste det seg at det var ein del slepper i fjellet. Det vart derfor naturleg å leggja skjeringa noko lenger bakover/inn i terrenget for å få til ein sikker avslutting mot fast fjell.

## Terrenget

Terrenget i bakkant av nausta er bratt og lite egna som friluftsføremål slik det er tiltenkt i reguleringsplanen. Terrenget er så bratt at det ikkje er egna å gå i utanfor gangstien. Alle som brukar området, vil halde seg til den etablerte gangstien. Om ein nyttar noko av dette arealet til naustområdet har så langt vi kan sjå ingen konsekvens verken for bruken av området eller kvalitetar i området.



Figur 1 Utsnitt fra situasjonsplan. Rødt er endringer.



Figur 4 Terrenget i dag

## Dersom vi får dispensasjon

Planen er å renska fjellet og sikre skrånningar med godt gjerde i topp tilsvarande slik det er gjort langs parkeringsplassen. Nausta vert plassert utan kontakt med fjell i bakkant. Nausta vert av den grunn oppført i bindingsverk også for bakveggen. Når vi trekkjer nausta bakover er det også naturleg at vi trekkjer kaifront innover mot land tilsvarande som nausta.

Endeleg plassering/utforming vert målt inn og *asbuilt* situasjonsplan vert sendt til kommunen ved søknad om ferdigmelding.


Vi vonar at Dykk finn å kunne gje dispensasjon i saka.

Skulle Dykk ha behov for synfaring, stiller vi gjerne.

Vennlig hilsen

for

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen



Atle Utkilen